


# Årsmelding for Skodvin Skulemusikk

17.08.17 – 15.08.18

## Desse har vore i styret:

Leiar: Kjellaug Seljelid Feste  
Nestleiar: Monica Rydland  
Kasserar: Kjelrunn Heggernes  
Skrivar: Terje Fyllingsnes  
Medlem: Johannes Torsvik  
Vara: Charlotte Grimstad  
Vara: Janne-Christin H. Rabben



Valgkomite: Øyvind Feste og Johannes Torsvik

Revisorar: Toril Ones og Lillebeth Ones

Materialforvaltar: Åge Reigstad

Uniformsansvarlig: Miranda Torsvik

Noteforvaltar: Stein Erik Ones

Dirigent for korps og aspirantar har for sesongen 2017/2018 vore Henning Anundsen.

Andre komitear:

- Støttelaget: Trygve Kvalvåg
- Basar nemnd: Monica Ones, Charlotte Grimstad og Kristine Lunde
- Julekalender: Kristine Lunde, Eva Sæle Fyllingsnes og Sverre Skeidsvoll
- Julekonsert: Øyvind Feste
- Loppemarknad: Monica Ones og Janne Steinsund

## Møter:

Me har sesongen 2017/2018 hatt 4 styremøter og 2 medlemsmøter samt rekneskap og budsjett møte.

Samarbeidsmøter med Knarvikmila og med kommunane som skal slås saman til nye Alvær kommune ang. Musikkorpsa sitt år.

## **Musikantar:**

Ved sesongstart talde korpset 24 musikantar:

**Tuba:** Tobias Rabben Nilsen Bb Bass, Magnus Fyllingsnes Eb Bass, Johannes Gjerstad Eb Bass

**Euphonium / Baryton:** Andreas Torsvik Euphonium, Ingunn Feste baryton, Andrea Kvalvåg baryton, Brage Lunde Rognaldsen baryton

**Slagverk:** Fredrik Eliassen slagverk, Victor Ramsdal slagverk

**Trombone:** Elisabeth Torsvik 1.trombone, Jonas Fyllingsnes 2.trombone, Elise M. Reigstad Basstrombone

**Horn:** Håvard Ones solohorn, Nina V. Reigstad 1.horn, Merily Michelle Salumae 2.horn,

**Kornett:** Sander Torsvik repiano kornett, Henrik Steinsund Skeidsvoll 3.kornett, Tomine Rabben Nilsen 3.kornett, Bendik Lunde Rognaldsen 2.kornett, Even Grimstad 2.kornett, Sunniva Fønnes 1.kornett (og flygelhorn), Henrik Anundsen 1.kornett, Mali Ones solokornett, Kristian Eliassen Eb kornett.

Nye musikantar i korpset for sesongen 2017-18: Johannes Gjerstad, Brage Lunde Rognaldsen, Jonas Fyllingsnes, Tomine Rabben Nilsen.

Joar Spjeldnes frå Lindås Skulekorps var med SSM på Sotra festivalen og saman med Fredrik i tromme duo (SSM ensemble 5) under Hordablæsten. Hanne Haugen Greve på basstrombone var med i Hordablæsten saman med den eldste gruppa (SSM ensemble 1) da Elise ikkje kunne vera med.

Victor Ramsdal og Brage Lunde Rognaldsen slutta i korpset i løpet av sesongen.

## **Aspiranter:**

Dette året starta vi med 2 aspirantar derav 1 fullførte aspirantopplæringa: Lilly Ramsdal. Ho starta ikkje i korpset.

Aspiranten hadde sin første konsert på julekonserten i kyrkja og var og med på aspirantseminaret på Vårspretten på Askøy.

## **Kurs:**

Deltagarar på Feriespelet til EBML i Knarvik 26. - 29.07.18: Tobias, Brage, Johannes, Even, Kristian, Håvard, Mali og Sander

## **Øving/ seminar:**

17.08.17 Første øvingsdag

09.-10.09.17 Oppstartsøvingshelg på Skodvin m/ grilling og moro etter lørdagsøvinga.

11.-12.11.17 Øvingshelg før Sotrafestivalen. Ståle Sleire Johansen var med på øvinga søndag.

10.12.17 Øving i Hundvin kyrkje

- 18.12.17 Øving med julegraut og pakker
- 04.01.18 Første øving etter juleferien
- 26.02-02.03.18 Vinterferie
- 08.03.18 Utvida øving før Vårspretten
- 26.03-02.04.18 Påskeferie
- 07-08.04.18 Øvingshelg før Hordablæsten - Ensemblestykker. Instruktørar var med på øvingshelga og vekeøvingar før Hordablæsten.
- 25.05.18 Sit-in øving med EBML i musikkhuset i Knarvik
- 06.18 Gruppeøvingar med instruktørar på enkelte vekeøvingar.
- 16-17.06.18 Øvingshelg før Urpremiere, Englandstur og NM. Med instruktørar.
- 18.06.18 Øving i kyrkja før Urpremierekonsert for «Heroes of the North»
- 25.06.18 Øving i lokala til Black Dyke Mills Band i Queensbury - inkludert omvising av deira dirigent Professor Nicholas Childs og over være øvinga til Black Dyke / privatkonsert.
- 27.06.18 Kvelds øving på hotellet Cedar Court Hotel i Huddersfield der korpset budde under englandsturen.
- 28.06.18 Morgon øving på hotellet Cedar Court Hotel før heimreise - siste øving før NM.

**Korpset har delteke på desse konkurransane:**

**19. november - Sotrafestivalen på Bildøy.**

Korpset vart nr. 3 i 2. divisjon. (Spelte som nr 4 av 7 korps.)

91 poeng på musikalsk utførsle og 6 poeng på programval - Totalt 97 poeng

Program:

- Highland Cathedral arr. Av Simon Kerwin
- Appalachian Mountain folk song suite av James Curnow
- Tusselåt av Frode Rydland

Vi stilte med ein solist i denne konkurransen:

Even Grimstad som kom på ein flott 2.plass i klasse 2, (12-13år).

## **10. mars      Vårsprett på Askøyhallen / Kleppestø ungdomsskule på Askøy**

Korpset vart nr 1 i 2. divisjon. (Spelte som korps nr.2 av 4 korps)

94 poeng på musikalsk utførelse. Dette var og høgaste poengsum uansett gruppe og Skodvin vann vandrepokalen.

Mali Ones var solist og vann solistprisen i 2. divisjon.

Program:

- Procession of the Sorcerers av Robert Buckley
- Concert Etude av Alexander Goedicke m/ solist Mali Ones på Kornett
- From Earth's confusion av Trevor Davis
- The Spirit of Brass av Gavin Somers

## **14. april      Hordablæsten i Grieghallen og Bergen Private Gymnas**

Korpset deltok ikkje i konkurransen.

Skodvin deltok med 4 ensemble grupper:

SSM ensemble 1 (1999-2000): Mali Ones, Ingunn Feste, Elisabeth Torsvik, Sunniva Fonnes og Hanne Haugen Greve. 89 poeng og delt 7.plass.

SSM ensemble 2 (2003-2004): Håvard Ones, Magnus Fyllingsnes, Sander Torsvik og Henrik Anundsen. 93 poeng og 3.plass.

SSM ensemble 3 (2003-2004): Nina V. Reigstad, Merily Michelle Salumae, Tobias Rabben Nilsen, Even Grimstad, Henrik Steinsund Skeidsvoll, og Andrea Kvalvåg. 89 poeng og delt 7.plass.

SSM ensemble 4 (2005-2006): Tomine Rabben Nilsen, Bendik Lunde Rognaldsen, Johannes Gjerstad og Jonas Fyllingsnes. 89 poeng og 7.plass.

SSM ensemble 5 (2001-2002): Fredrik Eliassen og Joar Spjeldnes. 90poeng og delt 7.plass.

Vi hadde og med solistar: Elise, Even, Tobias og Tomine. Even kom på 6. plass med 90 poeng i Solist klasse 2005.

## **24. juni. NM Bergen**

Plassering: **1. plass i 2. divisjon.** 96 Poeng (2.plass fekk 92 poeng)

(Spelte som korps nr. 6 av 14 korps)

Program: Heroes of the North av Peter Graham (bestillingsstykke for SSM)

Dommarar: Clare Farr og Svein Henrik Giske

NM vart arrangert i Bergen som del av Landsfestivalen Musikkorpsas år i anledning NMF sin 100 års feiring.

### **Andre konsertar og arrangement:**

- 13. november Konsert på Fammestad m/ Kløvheim Skulemusikk, før Sotra festivalen og
- 01. oktober Loppemarknad i ungdomshuset Dalheim
- 13. desember Ensemble gruppe Lucia konsert Barnas barnehagen Hundvin på leirplassen
- 14. desember Julekonsert i Hundvin Kyrkje med Skodvin skulemusikk og aspirant. Andre aktørar: Nina Reigstad, Lindås Songlag, Ingrid Karoline Kvalheim og Torstein Lunde, Tonevrimmel og Malin Bergås Hatten.
- 24. desember Tradisjonell speling på julegudstenesta
- 28. desember Ensemble spelte på julefesten i bedehuset
- 22. februar Minikonsert på Skodvin Montessori skule sitt karneval m/ utkleddede musikantar og dirigent.
- 17. mars Konsert «Vi over 60 fest» i ungdomshuset
- 05. mars Hentekonsert før Vårspretten (ettter Rekneskap- og budsjett- årsmøtet)
- 18. mars Basar m/konsert i ungdomshuset – Aspiranten var med
- 12. april Hentekonsert med ensemble før Hordablæsten
- 12. mai Speling på Kjellaug og Øyvind sin 50 års dag i Løo. Johannes laga flott G-nøkkel statuett i tre som jublantane fekk i gåve frå musikantar og foreldre.
- 17. mai Tradisjonell 17. mai speling
- 19. juni Urpremiere konsert med framføring av bestillingsstykket Heroes of the North av Peter Graham. Stykket er ei musikalsk gåve og ein hyllest til reisa brass miljøet i Nordhordland har vore i frå 1976 og fram til i dag og som Skodvin har fått tatt del i.

Musikken er sett saman av variasjonar som er basert på personlegdomar som kan assosierast både til Skodvin Skulemusikk og regionen (Tom Brevik, Knut Harald Rydland, Frode Rydland, Viggo Bjørge og Howard Snell). Dei fire første av disse var på Urpremieren.

Med oss på konserten var: Barnas Barnehage Hundvin, Elevar frå 3 klasse Skodvin Montessoriskule, Bjørnar Serigstad Hauge og Sara Wergeland, Tenpiece-gruppe frå Eikanger Bjørsvik Musikklag.

24. juni Før- NM-konsert i Lindås Hallen saman med Lindås og Kaland Skulekorps og Knarvik Skulekorps.
26. juni Besøk til Dobcross Youth Band og deira Band Club – fremføring av Heros of the North med komponist Peter Graham til stede og hørte på.  
Ensemble gruppene spelte stykka dei deltok med i Hordablæsten.
29. juni NM i Bergen – Landsfestivalen Musikkorpsas år i anledning NMF 100år
30. juni NM festkonsert i Bergen på kvelden. Årsavslutning i løo på Skodvin etterpå.

#### Turar:

- **Englandstur** til Manchester, Huddersfield, York og Liverpool 25-28 juni 2018.
  - Måndag 25.06.2018. Kl 03:45 Avreise frå Skodvin Skule med fly frå Flesland. Kl 09:35 Ankomst Manchester via Kastrup.
  - Etter ankomst og henting av bagasje - buss til Old Trafford, heimebana til M.U.F.C. Sightseeing på stadion for dei som ville.
  - Etter besøk på Old Trafford, reiste me til hotellet. Cedar Court Hotel Huddersfield Ca 1 times kjøretur. Innsjekking og middag.
  - Ca kl 15 reise til Queensbury og heimlassen til Black Dyke. Omvising i øvingslokala til Black Dyke og øving i deira lokale, inntil deira øving starta.
  - «Mini konsert», høyre på øvinga til Black Dyke. Deira dirigent Professor Nicholas Childs orienterte og motiverte mellom stykka dei spelte. Etter øvinga returnerte me til hotellet.
  - Tysdag 26.06 Etter frukost, ca kl 0930, reiste me til den historiske byen York (ca 1 times kjøring). Her fekk me omvising før me har fritid i York til å utforske byen på eiga hand. Kl 15 Returnerte me til hotellet og middag.





- Kl 18:15 Buss til Dobcross (ca 30 min) på besøk til Dobcross Youth Band og deira Band Club. Her høyrde me på dei spele før Skodvin holdt ein konsert der med framføring av Heroes of the North og ensemble stykka frå Hordablæsten. Komponist Peter Graham var til stades under konserten. Tilbake på hotellet ca kl 21:30.
- Onsdag 27.06 Dagen tilbragte me i Liverpool med shopping, Museum of Liverpool, The Beatles Story, the Cavern Club, med meir. Retur til hotellet kl 16 der det var middag og øving.
- Torsdag 28.06 Frukost , siste øving før NM og heimreise.
- **NM i Bergen**, med bussjåfør Øyvind Feste



### Dugnader:

Notesortering i NMF sine lokalar i Bergen.

Loppemarknad i ungdomshuset.

Dugnadsoppdrag på Knarvik Mila, pakking av deltakarposar.

Løe dugnad hos Kjellaug og Øyvind - Johannes Torsvik som bas.

Serveringsoppdrag:

- Vi over 60 festen i mars
- Servere i bryllaupet til Kamilla Solberg

Serveringsoppdrag på Industri og Energi sitt jubileum i ungdomshuset

Serveringsoppdrag i løo i bryllaupet til Lena Kleivdal.

I tillegg har basaren, sal av adventskalender, Ullmax og smultringbaking med sal av smultringer og tyttebær syltetøy på julemesssa gitt oss kjærkomne inntekter.

Styret vil takke musikantar, foreldre, dirigent og alle andre støtte medlemmer for svært flott innsats og godt samarbeid i sesongen 2017/2018.

### Kjøp av instrument

Ein baryton kjøpt i sesongen 2017-18 frå Black Dyke (Henta i Queensbury).

## Tildelingar:

Det blir aktivt søkt om midlar hjå kommune, bedrifter og stiftelsar der vi ser muligheiter for tilskot. Denne sesongen har Skodvin skulemusikk fått følgjande tildelingar:

Firma / Tildelar	Prosjekt namn	Mottatt støtte
Frifond B	Lytting, læring og vekst	70.000
NMF, konsertstafett	Urpremiere konsert	10.000
NMF, jubileumsmidlar	Lytting, læring og vekst	25.000
Sparebanken Vest	Spel med - Vær med	30.000
Kulturmidlar prosjekt Lindås Kommune	Spel med - Vær med	15.000
Kulturmidlar investering Lindås Kommune	Bariton	10.500
Kulturmidlar driftsmidlar Lindås Kommune	Drift	46.900
Statoil Sponsorship	Spel med - Vær med	4.000
Fjord 1	The Inspirator	2.000
Instrumentfondet	Bariton	30.000

I tillegg til tilskot har me fått ei gåve. Eirik Helland var med som frivillig under landsfestivalen og gav heile sitt honorar på kr. 15.000,- til Skodvin Skulemusikk.

Dvs. at me totalt har fått 258.400 kr i støtte i 2017-2018 sesongen.

## Oppsummering frå styret:

Sesong 2017/2018 har fungert meget bra musikalsk med gode konserter og resultat der det også har vorte satsa på instruksjon og spill i ensemble.

Dugnadsinntekt har vore nok til å få hjula til å gå rundt, men ikkje romslig for drifta. Utanom drifta er det jobba inn midlar for å sponsa englandturen for musikantane, komposisjon av stykket «Heroes of the North» og instruksjon for innøving av stykket samt individuell utvikling.

Loppemarknaden har vore arrangert to år på rad og har gitt et godt resultat som bidrog til Englands tur der kvar musikanter vart sponsa med kr. 1.785. Eigendelen per musikanter vart kr.1.500,-.

Midlar til å få skrive musikkstykket og instruksjon er jobba inn med aktiv søknad etter midlar frå kommune, bedrifter og stiftelsar.

Utfordringa til SSM er å rekruttere nye aspirantar til korpset for å ha god dekning på alle instrument når dei eldste musikantane trer av pga. alder. I fellesskap skal vi greie dette, slik at SSM vidare skal være ein attraktiv, utviklande, lærerik og kjekk fritidsaktivitet å halde på med, både for musikantar, foreldre og andre støttespelarar.

Styret